

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

**Mona Røsvik Strømme (H)** viste til RS 55/16 "Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet" og spurde om kor mange gjenståande saker det er for Hordaland fylkeskommune. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at det p.t. er 5 uavslutta saker.

**Helge Nævdal (A)** viste til RS 54/16 "Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar" spurde kvar innføringskurs er planlagt. Regionleiar Sissel Øverdal svarte at det vert arbeidd med problemstillinga saman med aktuelle kommunar, men at resultatet ikkje er klart endå. Både utval for opplæring og helse og fylkesutvalet vil få tilbakemelding når spørsmålet er avklart.

**Aud Karin Oen (SV)** viste til RS 50/16 "Større saker til politisk behandling 2015-2019" og etterspurde status for Fana gymnas/tilrettelagte arbeidsplassar. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** og **Pål Kårbø (KrF)** viste til RS 56/16 "Fylkeskommunene sitt Akvakultursamarbeid – FAKS", og sette på vegner av MDG, KrF, A, Sp, SV, V, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Ber fylkesordføraren leggje til rette for ei temasamling på området akvakultur:

Fylkesutvalet ber om ei brei orientering om forvaltningsmandat, ansvarsfordeling mellom ulike nivå og utvikling/utfordringar innan oppdrettsnæringa, herunder ny teknologi som t.d. "lukka anlegg"."

Det var 14 representantar til stades.

### Røysting

Tomren og Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.